

NR. 1

JANUAR 1995

28. ÅRG.

MISJONSMØNSTRING



Flaggene fra om lag 30 samarbeidsland for norsk misjon var med i prosesjonen under misjonsmønstringen under høgmessa i Arna kyrkje på Kristi openberringsdag, søndag 8. januar.

Med skurekost og såpe

På Luthers tid var det mange som bodde i kloster. De tenkte at de tjente Gud på en bedre måte der. Det vanlige arbeidslivet var noe annenrangs.

Etterhvert som Luther leste i bibelen, forstod han at dette var feil. For å sette det på spissen, sa han:

«Langt mer from enn en munk med sin kåpe, er min kjære Lena med skurekost og såpe.»

Lena arbeidet i huset til Luther, skurte golv og vaske. Det var hennes kall. Med det tjente hun Gud.

Vi har vel lett for å tenke: Det er bare på møter og i kristelig arbeid vi kan tjene Gud. Selv om det er riktig og nødvendig, så er den tankegangen feil. Gud har nemlig også gitt oss et oppdrag i og med arbeidet vårt. Det var det han tenkte da han velsignet de første menneskene og sa til dem:

«*Dere skal legge jorden under dere*» (1 Mos 1,28).

Ingen kristen er fritatt fra kallet til å vinne mennesker for Guds rike. Men like sikkert er det: Ingen er fritatt fra å bruke sine krefter og evner til ærlig arbeid og tjeneste for nesten.

«KVARDAGSGLEDE»

«*Eg hev ei tenesta stor for Gud
frå dag til dag i det stille,
der kvardagskleda vert høgtidsskrud
og livsens småting så gilde.*»

Fra «LYSKASTEREN» av Egil Sjaastad

Bibeldagen 12. februar

I Egypt er salet av biblar tredobla dei siste åra. I Libanon er kontoret til Bibelselskapet i hovudstaden Beirut vorte bomba fleire gonger, likevel held bibelarbeidet fram. I Israel er folk meir opne for Det nye testamentet som ei jødisk bok. På Vestbredda og i Gaza har Bibelselskapet avertert sal av biblar gjennom avisannonsar. Dette er noko av det som skjer gjennom bibelselskapa i Midt-Austen.

På Bibeldagen i år, 12. februar, er det bibelarbeidet i Midt-Austen som står i fokus.

Stort bibelsal i Egypt

I Egypt sel ein tre gonger så mange biblar samanlikna med for få år sidan. Men salet frå bibelbutikken i Kairo kan berre halde fram om prisane er sterkt reduserte. En ønsker ikkje at nokon skal betale meir enn ei dagsløn for ein bibel. Men når ein ikkje sel til full pris, kjem Bibelselskapet i Egypt i dette dilemmaet: Di meir dei sel, di større tap har dei.

I denne situasjonen har generalsekretær Ramez Atallah spurt: «Sel vi for mange biblar? Og: Må vi stanse bibelsalet fordi vi manglar midlar til å subsidiere det store bibelsalet?»

Dette er ei utfordring til oss i Noreg. Vi får høyre om at mange dører er opne i Egypt: Det skjer utdeling av nytestamente til alle kristne elevar og studentar. Dette skjer på skulane i samarbeid med Undervisningsdepartementet. På den måten kan vi hjelpe til slik at alle kristne heimar i Egypt får ei bibelbok.

Omlag 10 prosent av innbyggjarane i Egypt, eller 5,4 millionar menneske, tilhøyrer kristne trussamfunn. Det vil seie at det er fleire kristne i Egypt enn i Noreg. Den koptiske ortodokse kyrkja i landet går heilt tilbake til det første hundreåret etter Kristus.

Biblar i borgarkrigsherja Libanon

Libanon har vore gjennom ein frykteleg borgarkrig som varte i over 17 år. Kontoret til Bibelselskapet i hovudstaden Beirut har vorte bomba fleire gonger, og dei har vore nøydd til å flytte seks gonger. — Likevel har vi halde fram med bibelarbeidet heile tida, fortel Lucian Acced, generalsekretær i Bibelselskapet. Og han legg til: Det har ikkje vore krig overalt i landet alltid. Så då har vi arbeidd der vi kunne...



Nyleg vart den nye arabiske bibelomsetjinga lansert i Libanon og andre land i Midt-Austen der arabisk er eit hovudspråk. Det betyr mykje for kristne og nye lesarar å få Bibelen på eit språk som dei kjenner. Arbeidet med å omsetje Bibelen tok 23 år.

Ny interesse blant jødar


Bibelselskapet i Israel starta alt i 1816, same året som Det Norske Bibelselskap vart stifta. Det har vore eit nært samarbeid mellom bibelarbeidet i Noreg og Israel i mange år. Mellom anna leia Ole Christian Kvarme, som no er generalsekretær i Det Norske Bibelselskap, bibelarbeidet i Israel då han budde i landet.

Det er ei ny, meir open haldning til Det nye testamentet som jødisk bok i Israel. Den største bokkjeda i landet stiller nytestamentet ut i hyllene for «jødisk litteratur». Samti-

Forts. side 5

Misjonsteigen

*Eg seier dykk:
«Lyft augo
og sjå åkrane,
korleis dei kvitnar
mot hausten!» Johs. 4, 35b*



*Så hørde eg Herrens
røyst: «Kven skal eg
senda, og kven vil
gå for oss?»
Jes. 6, 8a*

Marta Løtveit

Madagaskarmisjonær i tida 1938—1970

Fødestad

Marta er vaksen opp i Bruvikdalen på Osterøya.

Misjonærkall

På spørsmålet om korleis ho fekk misjonærkallet, svarar ho:

«Som bitte lita jente fulgte eg mor i kvinneforeininga, og song og bøn festa seg i barnesinnet.

Ein dag er var på butikken i Bruvik (eg var da stor jente), kom ei kvinne bort til meg og spurde om det var eg som var så glad i å lesa. «Ja», svara eg. «Kom borti det store kvite huset når du er ferdig,» sa ho. Eg ante ikkje at det store kvite huset var prestegarden og at kvinna var fru Møllerup, prestekona.

Eg fekk ei skive, og det som gildare var, ein årgang av barnebladet til N.M.S. Det var gull for meg. Då eg såvidt var komen ovafor bøen i Bruvik, la eg meg på magen og tok til å lesa, og eg gløymde både tid og stad. Seinare las eg blada oppatt og oppatt til eg kunne dei utanboks.

Etter barneskulen, der eg hadde same lærar og same pult i 7 år, arbeidde eg heime på garden i fleire år. Men dette med misjonen sleppte ikkje taket. Ein dag seier eg til mor: «Eg trur eg skal bli misjonær». Då sa mor: «Det visste eg før du var født». Då gret vi begge.»

Utdanning

22 år gammal kom Marta til lærarskulen på Notodden der ho gjekk i 4 år. Så var ho eit år vikarlærer på Dale. Då fekk ho sjå i «Norsk Misjonstidende» at dei søkte etter lærarar til den norske skulen på Antsirabe. Ho melde seg, men med den studiegjelda ho hadde, rekna ho ikkje med å bli antatt. Men ein dag stod eit brev i døra. Det var frå generalsekretær Amdahl i N.M.S.. Der stod m.a. Reis til Frankrike på språkstudium!

Marta seier: «Før eg reiste tok eg farvel med mor og far. Eg fekk ikkje sjå dei att her.»

Så reiste ho til Frankrike med eit fransk ordforråd som ho kunne telja på fingrane. Det var ei fæl tid!

Til Madagaskar

Det var ikkje lenge før det kom eit nytt brev. «Vi vantar lærarar på den norske skulen. Reis straks!»

Så reiste eg med båt frå Marseille til Madagaskar. Turen tok 3 veker og eg var einaste norske ombord. Båten ankra opp langt ute og langt frå nokon norsk misjonsstasjon, men Gud sørga for at eg fekk hjelp av ein gassar.

Arbeidsmark.

På spørsmålet om kor ho fekk sitt virke, svara ho: «Den første tida var eg ved den



norske skulen, men mesteparten av tida arbeidde eg blant unge, gassiske kvinner. Eg skulle gje dei bibelkunnskap, og elles alt som kunne gagne ei gassisk kvinne i kvardagen. Om eg var lite flink i fransk, så lærte eg etter kvart gassisk godt, sjølv om det ikkje var nokon språkskule den gongen».

Kva med dei franske styresmaktene?

«Det er mykje positivt å seia om dei,» fortel Marta. Dei bygde opp eit moderne samfunn med skular, fødestover, sjukehus og postverk».

Har du kontakt med Madagaskar?

«Ja, eg hadde 2 brev i går, og til jul fekk eg pakke frå ei gassisk kvinne.»

Så fortel Marta om Georgette som no er leiar for det kristne kvinnearbeidet på Madagaskar, og om forunderlege bønesvar.

Kvifor kom du til Espeland?

«Ei søster av meg bygde huset her. No har eg ein fot på Espeland og ein på Madagaskar».

Korleis er tilhøva på Madagaskar idag?

«Det er vanskelege økonomiske tider, men det er opne dører for evangeliet».

Ditt nyttårsønske.

«At Gud må velsigne det gassiske folk og den gassiske kyrkja! Må Gud velsigne Arna kyrkjelyd! Vi har så uendeleg mykje å takka for».

Fra side 3

dig er det aukande etterspurnad etter bibelutgåver t.d. på amharisk til immigrantar frå Etiopia og på russisk for immigrantar frå den tidlegare Sovjetunionen.

Doron Even Ari, leiar for Bibelselskapet i Israel, oppmodar oss til framleis å be om ei open dør for Guds ord mellom Guds folk og dei andre som er i Det Heilage landet.

Bibelen på Vestbreidda og i Gaza

I 1993 vart Bibelselskapet for Vestbreidda og Gaza eit sjølvstendig Bibelselskap. Det har kontor i Jerusalem berre nokre hundre meter frå Bibelselskapet for Israel, og samarbeidet er godt.

Bibelarbeidet skjer i samarbeid med alle kristne trussamfunn. Og ein merkar at det er ei meir imøtekommande haldning til spreiding av evangeliet no, trass i terroraksjonar.

På julaftan 1993 skjedde det ei minnerik utdeling av bibeldelar ved Fødselskyrkja i Betlehem: Juleevangeliet i traktatform vart delt ut på arabisk, hebraisk og engelsk — for fastbuande, israelske soldatar, turistar og pilgrimar. Den same jula vart 1200 nytestamente utdelt til studentane ved Betlehem-universitetet, og desse vart vel mottekne. På to sjukehus i Jerusalem fekk born teikneseri-ar med bibelforteljingar.

Bladpengar for Kyrkjelydsbladet

Innlagt i dette nummeret av Kyrkjelydsbladet finn du ein postgiroblankett som kan nyttast ved innbetaling av bladpengar for Kyrkjelydsbladet for 1995. Kontingenten er uendra på kr. 35 for heile 1995. Giroen kan også nyttast om du vil gje ei gåve til bladet.

Vi takker for det du vil betale til bladet.

Tekstilar til Arna kyrkje

Ved bispevisitasen i 1992 kom biskop Lønning med ei sterk oppmoding om å skaffa kyrkjetekstilar til Arna kyrkje. Det galdt særleg preikestol- og leseplutklede i liturgiske fargar, fire av kvart slag, og kvit messehaket som kyrkja ikkje har.

Soknerådet har arbeidd med saka, men av økonomiske grunnar har ein ikkje kome i gang med arbeidet. Soknerådet har hatt kontakt med tekstilkunstnar Inger Johanne Rasmussen i Oslo, og ho har kome med utkast til preikestol- og leseplutklede. Soknerådet tykkjer dette ser fint ut, og vil søkje Bjørgvin stiftsdireksjon om godkjenning. Kledda har forskjellige symbol. På bilete får ein eit inntrykk av korleis det ser ut.

Det er Marta Kløve Juuhl som skal utføra arbeidet på verkstaden i Ytre Arna. Det er kjekt at vi har folk i kyrkjelyden som kan ta seg av dette arbeidet. På den måten får det ein del lokal tilknytning.

Kostnaden for teikningane og arbeidet vert tilsammen kr. 20.000 pluss moms.

Soknerådet må skaffa midlar. Ein er svært takksam om nokon kunne tenkja seg å vera med å gje ei gåve til dette føremålet. Soknerådet har oppretta ein konto i Sparebanken Vest - Tekstilar til Arna kyrkje - kontonr. 3624.51.87534.

Når ein har midlar, og har fått desse kledda på plass, vil soknerådet gå vidare med nytt antependium (Altarklede) og ein kvit messehaket. Dette er og vesentlege kostnader.

Vi har ei vakker, monumental og verdig kyrkje i Arna. Vi vil gjerne at den har eit høveleg og vakkert inventar.

K.N.

Bibeltimar over Romarbrevet

Ungdomsrådet meiner både eldre og yngre i kyrkjelyden treng bibelkunnskap. Rådet satsar difor først på ein gjennomgang av dei 8 første kapittel i Romarbrevet. Det vert 7 samver i vårsemesteret på desse kveldane:

24. jan. Innleiing om Romarbrevet og kap. 1,1-17. Guds kraft til frelse. (Nese)

7. feb. Rom. 1,18-3,20. Mensk. under synda. (Rodal)

21. feb. Rom. 3,21-4,25. Rettferdiggjort ved tru. (Johansen)

14. mars. Rom 5,1-5,21. Fred med Gud og frelse frå domen.

28. mars. Rom. 6. Død og oppstanden med Kristus. (Skoleungdomsprest Sæle)

18. april. Rom. 7-8,17. Det nye menneske. Livet i Anden.

2. mai. Rom. 8,18-8,39. Den kristne vona. Alle samver er kl. 19 i Kyrkjelydshuset.

Det er for alle aldrar. Det vert først ein bibeltime, så litt enkel servering og ein samtale, evt. i mindre grupper. Vi satsar på å få inn andre til resten av bibeltimane. Vi ynskjer alle velkomne desse kveldane, og vonar på så godt frammøte at vi kan gå vidare til andre deler av bibelen.

K.N.

Bibeldagen i Arna

Bibeldagen 1995 nærmar seg. Sámannssøndagen er i år 12. februar.

Som vanleg denne dagen er det høgmesse kl. 11.00. Om kvelden er det fellesmøte i Arna kyrkje kl. 19.00. Alle trussamfunn i Arna sokn står som arrangør av dette møtet. Det vert tale av Kjell Høydebråen frå Bibelselskapet. Ungdomskoret Guide (vegvisar) frå Hordvik har songinnslag. John Karsten Livden har solosong.

Bibelprosjektet denne gongen er biblar til Midt-Austen. Verkeleg fred skapast der menneske møter ordet om tilgjeving og ny start. Dette arbeider bibelselskapene i Egypt, Jordan, Syria, Libanon og Israel for.

Vi ynskjer alle velkomen til samlingane på bibeldagen og vonar på full kyrkje både på førmiddagen og om kvelden.

K.N.

Barnehagen



Bildet over er fra julefesten i Arna kyrkjelyd sin barnehage. I tråd med tradisjonene framførte barna et vakkert julespill om Jesu fødsel i stallen, om hyrdene og vismennene. Sokneprest Kjell Nese hadde andakt på julefesten.

ADAMS DAM



ORD SOM HJORD, ASEN, EDER OG SANNERLIGEN?



© Joel Kaufmann / Moses Media, Oslo

Ung nyttårsaften

Kvelden der vi skulle sei farvel til det gamle og ta imot det nye året blei feira med fest. Folk kom stivpynta fra fjern og nær til Kyrkjelydshuset, der kvelden skulle vise seg å verta ein suksess.

Komiteen, der m.a. ein del fra Nattcafeen var med, inviterte ungdom i kyrkjelyden til ein kveld med variert program og god mat.

Lokalet var fint pynta og i godt selskap skulle eit koldtbord med alt som hører til nyttes. Innimellom vart det lest opp brev fra bla. G.H. Brundtland, Arne Hjeltnes, Biskopen og Kronprins Haakon, der dei meddelte oss at dei desverre ikkje kunne komme på festen.

Bjarte Grøteide holdt en tale og tok for seg 94's høydepunkter i ein både munter og tankevekkende årskavalkade.

Leidulf Øy, som studerer teologi på Missjonshøgskolen, holdt andakt der han tok opp at det ikkje er den vi er eller våre handlinger som gjør at vi er Guds barn. Det er i kraft av Guds nåde vi blir frelst.

«KOR ER FIDO!?!» brølte Bjarte Stokke utkledd i ein alt for liten dress, colabunn briller og et storm-påvirka hår. Fido var en søt liten edderkopp forstørret ca. 5000 ganger, som Bjarte til slutt fant, noko som var til stor forskrekkelse for unge kvinner som husket filmen: «Arachnophobia» («Edderkoppfobi») veldig godt. Ellevilt show og artig stemning kunne vi alle takke underholdningskomiteen for.

Dei siste timane i det gamle året tilbrakte vi i kyrkja. På terskelen til det nye året fekk vi ei stille stund for ettertanke før året var omme og vi kunne hilse det nye velkommen med fyrverkeri og gratulasjonshelsingar.

Kristenruss-aksjon

Kristenrussen i heile Hordaland satsar på Tuva

Møt ei gruppe av dei i Arna kyrkje søndag 26. febr. kl. 19.00

Prosjektet

Tuva — dei fleste i Arna kyrkjelyd har vel aldri høyr t namnet. Tuva er ein sjølvstendig republikk (indre sjølvstyre) under Russland, og ein må ha russisk visum for å koma inn i republikken. Tuva ligg i Sibir og grensar til Mongolia.

Over halvparten av folket er lamaistar (tibetansk buddhisme), og difor har Den norske Tibetmisjon vorte oppmoda om å ta opp arbeid der. Landet er i dag opent for kristen forkynning. Frå regjeringshald er det sagt: «Vi treng først og fremst åndeleg fornying og reinsing. Dinest treng vi hjelp til å koma på beina økonomisk».

«Norges kristne student og skoleungdomslag», har gjennom det internasjonale kristne skulelaget, kontakt med 2 kristne tuvanesiske studentar i Kyzyl (hovudstaden) for å få i

gang lagsarbeid. Det er svært få tuvanesiske kristne. Størsteparten av landet er «upløydt åker».

Her er store oppgaver. Kom og høyr kva kristenrussen har å fortelja og støtt opp om prosjektet!

Den Norske Tibetmisjon

Nytt barnekor i Ytre Arna

«Småspurven» startar mandag 6. februar kl. 17.30 i kyrkja for gutar og jenter i alderen 3 til 7 år. Leiarar: Lisbet Solsvik Hjortland og Terese Mellingen.

VELKOMMEN TIL K-FORUM'S MØTER VÅREN 1995

ALLE MØTER KL. 19.30 TIRSDAGER I KYRKJELYDSHUSET

14. febr.: Tema: «GI OSS SØNDAGEN TILBAKE.»
14. mars: Tema: NORSK LYRIKK v/tidl. KFUK-speiderkretsleder/lærer Åsta Søråas.
4. april: Tema: PÅSKEMØTE.
9. mai: Tema: KRISTENDOMSKUNNSKAP ELLER ETT FELLES VERDIFAG v/1. Amanuensis ved Lærerakademiet Ragnhild Hagesæther.
6. juni: BLÅTUR/BILREBUSLØP.

KVINNER I ALLE ALDRE ER HJERTELEG VELKOMMEN!

ARNA K-FORUM

Kyrkjeskys for Haukeland/Unneland

01. januar.....Nils Minde tlf. 55 24 01 54
08. januarBerit Haugsvær tlf. 55 24 08 15
15. januarSverre Myklebust tlf. 55 24 29 05
22. januarOddmund Skjoldal tlf. 55 24 28 76
29. januarIngrid Hope tlf. 55 24 08 08
05. februar.....Jens Hauge tlf. 55 24 01 43
12. februarNils Minde tlf. 55 24 01 54
19. februarBerit Haugsvær tlf. 55 24 08 15
26. februarSverre Myklebust tlf. 55 24 29 05
05. marsOddmund Skjoldal tlf. 55 24 28 76
12. marsIngrid Hope tlf. 55 24 08 08
19. marsJens Hauge tlf. 55 24 01 43
26. mars.....Nils Minde tlf. 55 24 01 54
02. april.....Berit Haugsvær tlf. 55 24 08 15

Velkommen til krinsmøte

BERGENS SØNDAGSSKULEKRINS har i år lagt kretsmøte til INDRE ARNA 1. OG 2. APRIL 1995.

Arna kyrkjelyd ønsker Kretsmøtet og alle deltakarar velkomen til Arna.

LØRDAG 1. APRIL:

Kl. 13.30-14.00: Velkomst, kaffi i Kyrkjelydshuset.

Kl. 14.00: Forhandlingsmøte i Arna kyrkje.

Kl. 18.00: Kveldsmat i Kyrkjelydshuset.

Kl. 19.30: Kveldsmøte i Arna kyrkje. Tale av generalsekr. Alf Danbolt.

SØNDAG 2. APRIL:

Det blir gudstenester kl. 11.00 i:

Arna kyrkje

Ytre Arna kyrkje

Takvam kapell

Trengereid

Kl. 16.30 blir det familiemøte i Arna kyrkje. Det blir offer til kretsen alle stader.

Lat oss slutte opp om eit stort arbeid i Guds rike. Påmelding skjer til krinskontoret.

VEL MØTT. Helsing Arna Søndagsskulelag

Årsfest i Ytre Arna kyrkjelyd Gevinstar til utlodninga for kyrkjelydshuset

Torsdag 23. mars skal vi ha årsfest i Ytre Arna kyrkjelyd. Vi tek til i kyrkja kl. 18.30, og fortset etterpå i kyrkjelydshuset, der det vert årsmøtesaker, bevertning og utlodning.

Utlodninga er til inntekt for kyrkjelydshuset. Om det er nokon som kan tenkja seg å gje gevinstar til denne utlodninga, så er vi svært takksame for det. Det betyr mykje for huset sin økonomi at vi får eit godt resultat på denne utlodninga.

Gevinstar kan leverast på kyrkjekontoret, kontortid onsdag og fredag kl. 10.00-11.30, (men som oftast er det folk på kontoret til kl. 14.00.)

Fasteaksjonen 1995

Vi er vant til å se på oss selv som den rike del av verdens befolkning og den tredje verden som den fattige.

Og ser vi utelukkende på penger og forbruk så er det bilde riktig. Og en side ved Kirkens Nødhjelps årlige fasteaksjon er jo å bevisstgjøre oss på det ansvar vi har som medmennesker og kristne til å dele med de som lider nød.

Men Kirkens Nødhjelp ønsker i år også å oppfordre oss til å se på oss selv og de fattige i verden med nye øyne.

La oss våge å se på vår egen og andres rikdom med nye øyne.

Fasteaksjonen vil gå av stabelen som en dør til dør aksjon:

Tirsdag 4. april i Indre Arna.

Onsdag 5. april i Ytre Arna.

Fastebøsser er vedlagt Kyrkjelydsbladet.

Pengene eller livet (1)

Av Trygve Johansen

Nylig deltok jeg på et seminar der forbrukersamfunnet ble satt i fokus. Poenget var å se på forbrukersamfunnet slik som vi kjenner det, og dessuten reflektere over de forandringer som må komme. At pengene i vårt samfunn stadig får mer og mer makt, er det ikke noen tvil om, for forbruket stiger fra år til år. Den rike del av verden bruker mer og mer av jordens ressurser på bekostning av den fattige delen. Når vi sammenligner oss med de mennesker som lever på et eksistensminimum, blir følgende spørsmål påtrengende: Har vi rett til å bruke mer på oss selv enn det andre mennesker kan tillate seg? Vi har ikke det, derfor er vi i dag nødt til å tenke nye tanker om vårt forbruk.

For noen år tilbake kom følgende uttalelse fra bispemøtet: «I dagens situasjon ligger et kall til oppbrudd for alle mennesker. Vi kalles til å legge mer vekt på livskvalitet enn levestandard basert på ytre goder. Vi kalles til å ta etisk ansvar for oss selv, våre etterkommere og for medmennesker i den fattige del av verden. Vi kalles til oppbrudd i forhold til et system der penger, ting og påvirkning utenfra bestemmer tilværelsens innhold og mening.» Dette er noe vi alle vet og har visst lenge, men likevel har vi følt oss altfor maktesløse til å gjøre noe med det. Når denne etiske debatten nå reises på ny, må vi likevel inn i de nye etiske problemstillingene som vi blir stilt overfor.

Jorden er Guds skaperverk, derfor har vi et klart ansvar for å forvalte jordens ressurser på en rett måte. Jorden skal være i økologisk balanse, men hvorfor er den likevel kommet i ubalanse? Det kan gis mange politiske svar på dette spørsmål, men her skal vi prøve å svare ut fra en mer personlig synsvinkel. Til syvende og sist angår problemene det enkelte menneske, derfor må vi finne et personlig svar på vårt spørsmål. For å få det til, vil vi her fokusere på forholdet mellom sosialetikken og den individuelleetikken.

Sosialetikk kaller vi den etikk som regulerer de interne forhold i et samfunn. Individualetikken er derimot den etikk som det enkelte individ selv har ansvar for. Tiden er forlenget inne til å spørre om det manglende oppbrudd med forbrukerkulturen har noe å gjøre med at vi har betraktet forbrukerspørsmålene å høre inn under sosialetikken? Hører ikke slike spørsmål også med innenfor individuelleetikken? Vårt forbrukersamfunn hører også med under individualetikken, fordi vi har alle et personlig ansvar for vårt forbruk. Kirkens medlemmer sitter like fastklemt i markedskreftenes nett som alle andre fordi vi ikke tenker etisk om vårt personlige forbruk.

Vi er igjen nødt til å få forbrukerspørsmålene inn under individualetikken, så det enkelte menneske kan se sitt spesielle ansvar. Det enkelte menneske har et personlig ansvar for forbrukerkulturen, derfor må de aktuelle spørsmål også vurderes ut fra en individualetisk synsvinkel. Dette synspunkt må understrekes hvis vi skal klare å løse våre forbrukerproblemer.

Artikkelen fortsettes i neste nummer av Kyrkjelydsbladet.

Fellesmøte i Ytre Arna kyrkje 12. februar

På bibeldagen 12. februar vert det fellesmøte i Ytre Arna kyrkje kl. 19.00. Pinsemenigheten, Indremisjonen på Haugland og i Ytre Arna og kyrkja er saman om dette møtet.

Talar kretssekr. Arnfinn Norheim

Song av Unge Røster frå Åsane

Bibelpantomime ved ei konfirmantgruppe

Solstrands BEGRAVELSESBYRÅ

HERMAN FOSSGT. 11. 5007 BERGEN

DØGNVAKT 55 32 55 50

Våre representanter i **Arna**
Helge Spilde tlf.: 55 24 38 92 og
Willy Soltvedt tlf.: 55 24 76 23.



Vi kommer hjem for samtale og gir gjerne forhåndspris.

NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



Døyppte

Arna sokn:

- 27.11: Mia Steinestø Tyssedal, Malin Windheim Bratli, Martin Andreas Kåstad, Daniel Flaktveit.
04.12: Maria Gangdal Gunnarskog, døyppt i Samnanger kyrkje.
11.12: Silje Marie Borge, Charlotte Eide Mjelde, Tony Gjuvslund.
26.12: Jostein Bakke Helle.



Vigde

Ytre Arna sokn:

- 18.11: Johnny Kalsås og Jorunn Svenning, vigde i Åsane kyrkje.
03.12: Thore Austnes og Cecilia Houck, vigde i Arna kyrkje.

† Døde

Arna sokn:

- 18.11: Klara Faugstad, f. 1902
19.11: Håkon Andreas Sæle, f. 1923
28.11: Gudrun Børdal, f. 1913
04.12: Johanna Nese, f. 1898
08.12: Anna Haugland, 1907
19.12: Klara O. Tunes, f. 1915
22.12: Kathrine H. Livden, f. 1918
25.12: Steinar Borge, f. 1974
26.12: Aud Reidun Unneland, f. 1928

Ytre Arna sokn:

- 27.11: Anker Johannessen, f. 1916
20.12: Helge Johannes Lerøen, f. 1944
21.12: Jenny Andrea Reigstad, f. 1906

Ofringar

Arna sokn:

- 27.11: Kyrkjelydshuset kr. 4.233
27.11: Lysmesse, Ungd.arb. kr. 1.133
04.12: Ungd.klubben Arken kr. 3.736
11.12: Blå Kors kr. 2.490
18.12: Kyrkjelydsarbeidet kr. 2.602
18.12: Konsert, offer Strømmestiftelsen kr. 3.244
18.12: Konsert, offer Strømmestiftelsen kl. 20.00 kr. 3.583
24.12: Kirkens Nødhjelp kl. 14.00 kr. 5.208
24.12: Kirkens Nødhjelp kl. 15.15 kr. 9.687
24.12: Diakoniutvalet kl. 16.30 kr. 4.525
25.12: Norske Misjonsselskap kr. 8.290
26.12: Kyrkjelydshuset kr. 2.679
01.01.95: Den norske Sjømannsmisj. kr. 1.954
08.01: Det Norske Misjonsselskap kr. 5.762

Ytre Arna sokn:

- 27.11: Institutt for kristen oppseding kr. 1.805
04.12: Konfirmantarbeidet kr. 1.200
11.12: Kyrkjelydshuset kr. 2.616
24.12: Kirkens Nødhjelp kr. 7.708
25.12: Det norske misjonsselskap kr. 2.067
01.01.95: Kyrkjelydsarbeidet kr. 1.092
08.01: Israelsmisjonen kr. 1.403

Møter

Ytre Arna Bedehus:

- 29.01: Møte. Tale v/Eirik Strand.
02.02: Møte. Tale v/Sigvald Storheim.
09.02: Bibeltime v/Kjell Nese.
21.-26.02: Møteveke. Tale v/Reidun Skurtveit.
04.03: Årsmøte for Indremisjonen.
12.03: Møte.
18.03: Årsmøte for Santalmisjonen.
26.03: Bibeltime v/Arvid Arne.

Bønnedag 3. mars

På vegne av komitéene i Bergen for Kvinne-Verdens Bønnedag, Kvinneutvalget i Bjørgvin Bispedømme og Norsk Økumenisk Kvinnekomite, inviterer vi til den årlige Kvinne-Verdens Bønnedag fredag 3. mars 1995.

I år kommer hilsenen til Bønnedagen fra republikken Ghana i Vest-Afrika. Kvinnene i Ghana har ønsket følgende tema for årets Bønnedag: **Jorden skapt av Gud til en bolig for menneskene.** Gjennom Bønnedagen utordres vi til bønn om forsoning blant mennesker, om Guds kraft til å gjenopprette brutte forbindelser og leve sammen slik Gud hadde tenkt det fra begynnelsen. De forskjellige bibeltekstene som er satt opp for denne dagen, hjelper oss til bedre å forstå dette emne.

Det vil, som vanlig, bli møter i flere kirker og bedehus på dag- og kveldstid i Bergen og omegn. Møtene vil bli kunngjort i dagspressen. Hovedsamlingen i Bergen blir i Korskirken kl. 12.00 og kl. 18.00 fredag 3. mars. På alle møter blir det anledning til å gi en gave til «Spredning av Bibelen». La oss be for Bønnedagen. Velkommen til å være med i bønn.

Margareth Bondevik

Stor gave til Arna kyrkjelydshus

Rett før jul, mottok vi en gave på Kr. 100.000,- etter Odd Seim, som gikk bort i fjor. Ynskje frå han var at pengane skal brukast til utsmykning av møtesalen i 1. etasje.

Erling Osland som er leiar for styret, opplyser at det endå ikkje er teke noko avgjerd om korleis dette skal gjerast, men ser ikkje bort fra at lokale kunstnarar vil verta trekt inn. Dette vil ein koma attende til etter at det er behandla i styret.

Arna kyrkjelydshus takkar hjarteleg for gáva, og lovar å forvalta pengane på beste måte.

KIRKENS SOS

KIRKENS SOS TRENGER NYE TELEFONVAKTER TIL DAG, KVELDS- OG NATTEVAKT

Du må være over 22 år, kristen og lojal mot den Norske Kirkes bekjennelse.

Før du starter i tjenesten er du med på et 10-kvelders innføringskurs.

Så lenge du er med i tjenesten er du også med i en samtalegruppe. Du blir aldri overlatt til deg selv i denne tjenesten. Oppgaven er først og fremst å lytte, være et medmenneske for dem som trenger det.

Er du interessert?

Kontakt oss snarest.

Tlf. 32 58 45, mand.-fred. på dagtid.

KIRKENS SOS

Senter for samtale over telefon søker medarbeidere til dag, kvelds og nattevakt.

Du må være over 22 år, kristen og lojal mot Den Norske Kirke.

Ring 32 58 45 mand.-fred. på dagtid for nærmere opplysninger.

Tjenesten er ulønnet.

Uventet gave

Ytre Arna sokneråd har fått en uventet gave på kr. 5000. Dette var overraskende og gledelig. På vegne av soknerådet vil jeg få takke for denne fine gaven.

Vennlig hilsen
Trygve Johansen
prest

Ungdomsråd i Arna

Arna sokneråd har valt eit ungdomsråd. Rådet skal vera eit forum for samtale om ungdomsarbeidet i kyrkjelyden, ta initiativ og gje inspirasjon, koordinere ungdomsarbeidet i den grad det er naturleg, arrangere felles tiltak og vera ein bindelekk mellom ungdomsarbeidet og soknerådet.

Elin Halsvik er valt til formann.

ARNA GRAVFERDSBYRÅ

Espeland



Kåre Bj. Hope

Tlf. 55 24 08 08 - Mobil tlf. 945 01504

Står til teneste med alt ved dødsfall

SAMDALS

BYRÅ

JONSVOLLSGATEN 1

90 19 80 hele døgnet

Kommer også hjem for samtale.

J. Teigland tlf. privat: 55 24 22 23



KIRKENS SOS

Treng du nokon
å snakka med?

Ring 32 32 00
frå klokka 19 til 07
alle dagar

eller mellom klokka 10 og 14
måndag til fredag.

RUTH STEPHANSEN

SONETERAPEUT NFS
Soneterapi Øreakupunktur



Moldalia 28 B
5230 Espeland
Tlf: (55 24 00 83)

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, Boks 11, 5260 Indre Arna.

Redaktør: Audun Stølås.

Redaksjonsnemnd: Klara Ulveseter, Sturle Monstad, Asle Reigstad og Magne Mestad.

Bladpengar: Kr. 35,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgironr.: 0805 31 04445.

Trykt av Grafisk Forum A/S, Ytre Arna

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, Boks 11, 5260 Indre Arna.

Redaktør: Audun Stølås.

Redaktørnemnd: Klara Ulveseter, Sturle Monstad, Asle Reigstad og Magne Mestad.

Bladpengar: Kr. 35,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgironr.: 0805 31 04445.

Trykt av Grafisk Forum A/S, Ytre Arna

Spesialforretning i blomster

Dekorasjonsbinderi, buketter og kranser.

Pynting av kirke,

konsert- og forsamlingslokaler.

Espeland Gartneri

5230 ESPELAND, TLF. 55 24 08 09
ARTHUR HOPE

Froeydis SALONGEN

Garnesveien 41 - Indre Arna

Tlf.: 55 24 00 68

Stedet for moderne og
fagmessig hårdesign

Dame • Herre • Brudepynting

Fagkunnskap gir
trygghet



10% for pensjonister alle dager.

I MIN FORRETNING

finn De gåver til bryllup, kon-
firmasjon og barnedåp.

Kleivland A.S

Ur og Gullsmed

5260 Indre Arna - Telefon 55 24 04 96

BLOMSTER

til enhver anledning!
Ring vår blomstertlf.

55 24 25 95

K.a.s. Sarepta

5260 Indre Arna

Din lokale storbank i Arna!

KREDITKASSEN

Filial Arna - tlf. 55 24 05 20

Vi reparerer alle typer
husholdningsapparat.
Monterer TV-antenner,
også TV 2.

**Litangen
Husholdningsservice,
Garnes
Telefon 55 24 02 87**

Velkommen til kyrkje

- 29. JAN.** *3. s.e. Kr. openberr. — 2. Kong. 5,1-5, 9-15*
Arna kl. 11. Sjøforsvarsprest Leif Tore Michelsen. Dåp. Takkoffer til Kyrkjelydshuset. Kyrkjekaffi.
Ytre Arna kl. 11. Prost Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydshuset.
Takvam kl. 16. UNGDOMSGUDSTENESTE. Prost Nese.
- 05. FEB.** *Vingardssøndagen - Matt. 20,1-16*
Arna kl. 11. FAMILIEGUDSTENESTE. BARNAS MISJONSDAG. Prost Kjell Nese. Dåp. Takkoffer til Israelmisjonen. Kyrkjekaffi. Arna Barnekantori tek del.
Ytre Arna kl. 11. FAMILIEGUDSTENESTE. BARNAS MISJONSDAG. Kap. Trygve Johansen og misjonær Eli Tveitane. Takkoffer til Santalmisjonen. Kyrkjekaffi.
- 12. FEB.** *Såmannssøndagen — Luk. 8,4-15*
Arna kl. 11. Kap. Trygve Johansen. Dåp. Takkoffer til Bibelmisjonen. Kyrkjekaffi.
Arna kl. 19. Fellesmøte.
Ytre Arna kl. 19. Fellesmøte. Arnfinn Norheim. Unge Røster synger. Kollekt til Bibelmisjonen.
Trengereid kl. 11. Prost Kjell Nese. Takkoffer til Bibelmisjonen.
- 19. FEB.** *Kristi forklarelsesdag — Matt. 17,1-9*
Arna kl. 11. ELDREDAG. Prost Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi m/varmrett.
Ytre Arna kl. 11. ELDREDAG. Kap. Trygve Johansen. Nattverd. Kyrkjekaffi. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
- 26. FEB.** *Søndag før faste. 1. Kor. 13,1-13*
Arna kl. 11. Prost Kjell Nese. Dåp. Takkoffer til Kyrkjelydshuset. Kyrkjefrukost.
Arna kl. 19. Møte. Kristenrussen. Jostein og Asbjørn Holm.
Ytre Arna kl. 11. Sjøforsvarsprest Leif Tore Michelsen. Takkoffer til Kirkens SOS.
- 01. MARS** *Askeonsdag — Matt. 6,16-18*
Arna kl. 20.00. FASTEGUDSTENESTE. Prost Kjell Nese. Nattverd. Skriftemål.
- 05. MARS** **Arna kl. 11.** Forstandar Audun Tang. Nattverd. Takkoffer til KFUK-KFUM.
Ytre Arna kl. 11. Gudsteneste. Takkoffer til Institutt for sjelesorg.
- 08. MARS** **Takvam kl. 19.30.** FASTEGUDSTENESTE. Prost Kjell Nese.
- 12. MARS** *2. s.i. faste — Matt. 15,21-28*
Arna kl. 11. Prost Kjell Nese og MF kand. Dåp. Takkoffer til Menighetsfakultetet. Kyrkjekaffi.
Ytre Arna kl. 11. Forstandar Audun Tang og MF.kand. Takkoffer til Menighetsfakultetet.
- 14. MARS** **Ytre Arna kl. 19.00.** Fastegudsteneste. Nattverd. Kap. T. Johansen. Ytre Arna Kyrkjekor.
- 19. MARS** *3. s.i. faste — Hebr. 12,1-3*
Arna kl. 11. Kap. Trygve Johansen. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydshuset.
Trengereid kl. 11. Prost Kjell Nese.
- 21. MARS** **Betania kl. 20.00.** FASTEGUDSTENESTE.
- 25. MARS** **Arna kl. 19.** KONSERT. Keryx. Nattkafe.
- 26. MARS** *Maria Budskapsdag — Luk. 1,26-38*
Arna kl. 11. FAMILIEGUDSTENESTE. Prost Kjell Nese. Dåp. Takkoffer til Barnekantoret. Kyrkjekaffi. Arna Barnekantori tek del.
Arna kl. 19. KONSERT. KAMMERKORET.
Ytre Arna kl. 11. FAMILIEGUDSTENESTE. Kap. Trygve Johansen. Takkoffer til Kyrkjelydshuset.
- 29. MARS** **Arna kl. 20.** Fastegudsteneste/musikkandakt. Prost Kjell Nese.